

# KYRKJEKONTAKTEN

NR. 02 — 2020 · 46. ÅRGANG · KYRKJELYDSBLAD FOR ALVERSUND / KNARVIK / LYGRA / SEIM



3

Kyrkjelege  
handlingar påverka  
av koronaviruset

6-7

Knarvikmila og  
kyrkja

13-14

Positive erfaringar i  
ein nedstengt tid

#### Kyrkjekontakten

Kyrkjelydsblad for  
Knarvik sokn - i samarbeid  
med Osterfjorden, Mo og  
Meland sokn

#### Knarvik kyrkjekontor

Besøksadresse: Lonsvegen  
100, 5914 Isdalstø  
Postadresse: Postboks 228,  
5903 Isdalstø  
E-post: post.knarvik@kyrkja.no  
Felles telefonnr. for kyrkja i  
Alver: 4000 1691.  
Alle kvardagar kl. 09-15.

#### Opningstid:

Tysdag-fredag kl. 09-15.

#### Heimeside for Knarvik sokn:

[www.kyrkja.no/knarvik](http://www.kyrkja.no/knarvik)



**Geir Øy**

sokneprest  
go673@kyrkja.no



**Synnøve Bjørndal**

sekretær  
sb876@kyrkja.no



**Torbjørn Sæle**

spesialprest  
ts657@kyrkja.no



**Helge Taranrød**

prost  
ht759@kirken.no



**Nina Jenny Tresvik Monstad**

trusopplærer  
nm853@kyrkja.no



**Kristine Rykkje Hopland**

konfirmantleiar  
kh658@kyrkja.no



**Odd Leif Mjøs**

kantor  
om623@kyrkja.no



**Magne Bjørndal**

seniorprest  
mb578@kyrkja.no



**Bjørn Furukawa**

Kyrkjetenar  
bf982@kyrkja.no

# Tankestrek

Av Yvonne Cecilie Jordal

Det er en glohet sommerdag i august 2005. En småbarnsfamilie på 5 pakker evakuerings-bag. Det har de gjort før når tropiske stormer har truet. Vi er i jazzbyen New Orleans som hviler bedagelig ved Mississippis bredde. Høy på vennlighet, liv og latter – lav i terrenget. Her skal orkanen Katrina snart knuse inn over land, vannet fylle byen, og hverdagen rives bort.

Nesten 15 år senere truer en ny katastrofe. Corona sprer seg raskt. Denne gangen går evakueringen motsatt vei: Ikke vekk, men innover i eget hus. Truslene er ulike, men mye ved utfallet likner: Folk må sikre seg mat og utstyr, og informasjon blir brått viktigere enn normalt. Hvordan skal vi forholde oss? Hva er lov og hva er ikke lov? Hvor farlig er det? Kan vi hjelpe eller få hjelp? Farer og uro får oss til å søke orden og trygghet, og hva som gir det er selvsagt individuelt – og da blir det også rom for konflikter. Trengte hun alt det dopapiret? Eller siste resten av melet? Måtte de virkelig syte over tapt hyttepåske? Grensen mellom egoisme og trygghetssøken er glidende, og lojalitet og raushet kan bli satt på prøve. Når dette er over, vil vi nok sitte igjen med mye ny lærdom om oss selv, både som enkeltindivider og som samfunn. Hva tror du vil stå i historiebøkene? Hva vil du ta med i ditt kapittel? Blant alt det negative vil jeg, i mitt kapittel, også ta med alt det positive som har dukket opp: Støttende ord, hjelpende hender, digital nytenkning, åpenhet, informasjon, og yrkesgrupper med ekstraordinær innsats. Og så hverdagen, da. Midt i karantene, håndsprit og ansiktsmasker, så er den der, om enn litt annerledes enn før. Vi har spurt konfirmantene om det har kommet noe godt ut av disse annerledes hverdagene. Les hva de svarer på side 13 og 14. Har du forresten hørt konfirmanter klage over utsatt konfirmasjon? Eller russ over mistet russefeiring? Ikke så mye av det, nei? Det skal definitivt med i mitt kapittel. Kudos til ungdommen.

Vi skal tilbake til familien i New Orleans, som flyktet, og etter 6 uker vendte tilbake til en by med militær-kontrollert portforbud, herjet av både vind, vann og kriminalitet. Ulike katastrofer da og nå, men med ett fellestrekk: Da krisen inntraff, rettet de, som selv ikke var berørt, ut en hjelpende hånd. Mange bidro med det de kunne. I mitt kapittel skal dette stå i kursiv, slik at jeg selv husker på å rekke ut en hånd når det er jeg som kan hjelpe.

I dette nummeret av Kyrkjekontakten kan du lese om mange som har gitt av seg selv! God lesning!



## DÅP

I Seim kyrkje var det dåp på palmesundag. I heimen til Bente Sørheim Vetvik og Mikkel Vetvik på Seim blei barn nummer 5 født. Vesle Ylva har ein bestefar, Knut Fredrik Sørheim, som har vore prest i mange år i Masfjorden. Han har også døypt to av dei eldre syskena til Ylva, Åsmund, Frøya. Det var bestemor Kari Skår Sørheim som bar Ylva til dåpen.

– Korleis blei dagen for dykk?

– Det blei ein veldig koseleg dag og ei fin oppleving. Dagen blei rolegare enn han elles ville vore. Dåpen blei overført direkte til venner via Facebook. Etterpå var det ein liten dåpsfest heime.

Bente seier at det sjølvsagt ville vore fint å hatt med fleire i dåpen, men at det blei veldig fint også med foreldre, besteforeldre og fadrar til stades.



## KONFIRMASJON

Silje Tofting (t.h.) og Ida Karlsen hadde sett fram til konfirmasjon i Alversund kyrkje siste helga i april. Slik blei det ikkje.

Kva tenkjer du om at konfirmasjonen blei utsett, Silje?

– Eg syns det er trist fordi eg har gledd meg til det sidan me begynte i fjor haust. Det er også rart at me ikkje veit om det det blir lov å ha konfirmasjonsgudsteneste i september.

Ida følgjer opp:

– Det er sjølvsagt dumt at me ikkje blei konfirmert i vår. No håpar eg veldig at me kan bli konfirmert, ikkje åleine, men saman med vennene våre i haust.

Dei to fortel om eit kjekt konfirmasjonsår. Det var vore både kjekt og koselig å vere konfirmant.



## BRYLLUP

Michelle Strømsheim og Espen Lygre hadde lenge sett fram til å gifte seg i Lygra kyrkje laurdag 23. mai. Alt var klart, og 88 var invitert til festen. Etter vigselen i kyrkja skulle festen halde fram på garden til Øyvind Feste på Hundvin.

Korleis har det vore å måtte forandre på det som har skal vere den store dagen?

– Det er veldig kjedeleg. Men festen kan jo ikkje gå ut over helsa til gjestane. Gift blir ein alltid, sjølv om det ikkje blir den dagen ein tenkte, seier Michelle.

Mens fleire par har utsett vigselen til neste år, har dei to flytta bryllupet til lørdag 22. august. Om det blir mogeleg å samlast då er vanskeleg å seie.

– Me valde august for å ha noko å fint å sjå fram til i år, og viss ikkje det går, så flyttast det lenger, seier ho.



## GRAVFERD

Like før påske tok Liv Smebye og søkena hennar, Berit Haugland og Bernt Korsøen, hennar avskil med bror deira, Roald Korsøen.

– Korleis blei denne dagen i Knarvik kyrkje for dykk?

– Det var ei fin stund, ein verdig og intim seremoni der vi fekk tatt eit tett og familiært farvel med Roald.

– Kva tenkjer du om at de måtte vere færre enn 25 personar i kyrkja?

– Det var i grunnen i tråd med Roald sitt ønske. Men om det ikkje for korona hadde kyrkja vore full, for han hadde ein stor omgangskrets og kjente mange.

Både familie og kollegaer hadde helsingar i kyrkja etter at presten hadde halde minnetale. Seremonien blei overført direkte på Facebook til familie og vener som ikkje kunne vere til stades i kyrkja.



Thomas Askeland Østerholt vert løfta fram av ungdomar og andre KRIK-leiarar.

# Trufast KRIK-leiar i 17 år

Tekst: Torbjørn Sæle

Sidan 2003 har han reist frå Bergen til Knarvik for å leia KRIK-samlingar. Med seg tilbake har Thomas Askeland Østerholt blitt velsigna med mykje moro og livslange venskap.

– Det beste har vore alle dei fantastiske ungdomane eg har fått møta.

17 år er gått sidan Thomas flytta til Bergen for å studera økonomi. Med seg tok han ideen om å starta KRIK – Kristen Idrettskontakt, i Knarvik. Det tidlegare KRIK-arbeidet låg då nede.

– Frå starten med ei lita gruppe leia av to-tre studen-  
tar har det gradvis auka på. Den største og viktigaste endringa har vore at vi har fått med rundt 10 unge leiarar frå Nordhordland. Eg er mektig imponert over korleis dei har utvikla seg i leiarskap og tru, seier Thomas.

Trusglede, livsglede og idrettsglede er tre viktig skikk-  
ord som har prega fredagssamlingane i Nordhord-  
landshallen for 20-40 ungdomar og leiarar.

– Vi har kreative leikar og ballspel, og halvvegs er det pause med andakt. Ein gong på hausten har det også vore større cup med 50-100 ungdomar. Vi har også reist saman til dei store nasjonale KRIK-leiane, sommar og vinter.

Thomas har lagt ned mange timar saman ungdomane og er klar på at det har gjeve han mykje tilbake.

– Det er ei stor velsigning å få stå i arbeidet så lenge. Det er mange historier å ta med seg; om ungdomar som kjem til tru, som finn fellesskapet dei har lengta etter og som utviklar seg til fantastiske leiarar. Eg har sett

## FAKTA

### Thomas Askeland Østerholt

37 år, bur i Bergen, gift og stolt far til ei lita jente fødd i april.

Jobbar som revisor i PwC i Bergen.

Leiar for KRIK Knarvik sidan 2003.

at vi kan bety ein stor forskjell i liva deira. Motivasjonen har auka for kvart år, og eg aldri har gått lei, seier Thomas.

Med sitt ungdommelege pågangsmot, smittande engasjement og store hjarte, har han fått bety svært mykje for ei rekkje konfirmantar og andre ungdomar gjennom mange år. 37-åringen har eit klart råd å gje til ungdomane.

– Det beste rådet eg kan gje til ungdomar som trur eller er nysgjerrige på Jesus, er å kopla seg på kristne fellesskap. Det kan vera det som skjer på ulike samlingar i kyrkja, i smågrupper, på skulelag, og naturlegvis kan dei komma og ha det moro med på oss på KRIK!

– Eg vil også retta ei stor takk til kyrkja for godt samarbeid og støtte alle åra eg har vore med i KRIK Knarvik.

Kristine Rykkje Hopland, som leier konfirmantarbeidet i kyrkjelyden, kvitterer tilbake:

- Den takken er det ikkje vanskeleg å retta tilbake til Thomas og andre KRIK-leiarar. Kvart år er KRIK ein populær aktivitet for mange av konfirmantane våre og andre lokale ungdomar, seier ho.



## FAKTA

**Namn:** Eva Karin Gausereide Kjellnes

**Alder:** 42 år

**Bustad:** Gausereide i Vestre Vassbygd i Seim

**Sivil status:** Gift, med 5 barn og 3 fosterbarn

# Frå kyrkjebenken

Tekst og foto: Geir Øy

– **Kva kyrkje tilhøyrer du?**

– Seim kyrkje.

– **Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?**

– Eg har vore med der i 9 år. Då begynte eg i soknerådet.

– **Kva set du mest pris på ved Seim kyrkjelyd?**

– At det er opent for alle, om ein er truande eller ikkje. Det er ein plass ein treffest til glede og til fest og i sorg. At det er rom for barn under gudstenester er viktig for meg. Det blitt betre den siste tida med leikeplass bak i kyrkja og nye leikar i leikekroken. Elles er kyrkja er ein trygg tradisjon. Det er ein plass ein får høyre Guds ord. Eg kan sitje igjen med noko personlig som eg kan ta med vidare i kvardagen.

– **Korleis vil du skildra kyrkja?**

– Det er ei nydeleg fin kyrkje på Seim. Kyrkja ligg fint til i bygda.

– **Er det ein eller fleire salmar du likar godt?**

– I salmeboka står det ein dåpssalme av Kari Bremnes. Den heiter «Her e det et lite barn som kommer». Den er fin. Eg likar også godt «Å leva det er å elska» og «Gje meg handa di ven».

– **Kva kjenner ein god kyrkjekaffi?**

– Det er at det er noko å ete og drikke for liten og stor. Og så er det fint når ein kan stoppe opp og snakke litt før ein går heim. Det manglar nokre bord som me kan sitje ved i kyrkja på Seim, kyrkjekaffi i midtgangen fungerer godt det også.



## MELAND ELEKTRO

AUTORISERT ELEKTROENTREPRENØR

Mjåtveitflaten 45 • 5918 FREKHAUG  
Tlf 56 17 87 00 • post@melandelektro.no  
[www.melandelektro.no](http://www.melandelektro.no)

## TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?



## 22 40 00 40



Helge Brekke (f.v.), Geir Øy og Trond Andal har felles interesse av eit godt samarbeid om Knarvikmila og kyrkja.  
Foto: Arthur Kleiveland

# Kyrkja på lag med Knarvikmila

Tekst: Arthur Kleiveland

Kyrkja og Knarvikmila har funne kvarandre i samband med den store mosjonsmønstringa i august. Mellom anna gjennomførte dei ei felles solidaritetsgudsteneste i fjor, eit samarbeid som blir vidareført i år. Denne gongen vil kyrkje- og milfolket få eit møte med vår tidlegare stjernemålvakt Cecilie Leganger.

Solidaritet ligg i sjølv ryggmargen til Knarvikmila, fastslo tidlegare dagleg leiar i Knarvikmila, Eddie Ebbesvik fast då han forkynte «Knarvikmilas evangelium» under solidaritetsgudstenesta i fjor.

– Det er eit ønske at me kan ha ei årleg gudsteneste med dette fokuset, seier sokneprest Geir Øy. Han ser det som svært positivt at kyrkja kan bli brukt i samband med Knarvikmila.

– Kyrkja har i lang tid vore engasjert i Knarvikmila, noko vi synest er svært gledeleg, seier Trond Andal, dagleg leiar i Knarvikmila.

– Kyrkja er alltid positiv når vi tar kontakt med dei, og Geir Øy og co står sjølv fram som eit eksempel ved å delta i t.d.

YT-stafetten, seier Andal, som i samtalar med soknepresten er einige om å snakka saman om andre kreative samarbeid i åra som kjem.

## **STOR VERDI FOR KYRKJA**

Samarbeidet med mellom kyrkja og Knarvikmila har eksistert i mange år. Friluftsgudstenesta på «Gamleskulen» i Knarvik har lang tradisjon, og det gode samvirket har stadig utvikla seg.

– Det er ein stor verdi for ei kyrkje å få vere i kontakt med og stå til teneste for lokalmiljøet. Når Knarvikmila arrangerer pensjonist-seminar ser me korleis kyrkja kan kome i bruk på ein litt annan måte enn mange er van med, seier Øy.

Det var Knarvikmil-general Helge Brekke som for ei tid tilbake kom opp med ideen om å ha ei solidaritetsgudsteneste i tilknytning til Knarvikmila. Han hadde høyrte NRK-journalist Tomm Kristansen på ein andakt på radio og foreslo at kyrkja inviterte han til Knarvik. Det vart opptakten til den første solidaritetsgudsteneste i fjor, riktig nok ikkje med Kristiansen, men med tidlegare statsråd og visedirektør



Prestane i Nordhordland viste igjen på Yt-stafetten i fjor. Foto: Kaspar Knudsen/Strilen.

i FN, Hilde Frafjord Johnson, som heldt eit engasjerande føredrag.

Dessutan deltok Bjarte Leithaug saman med musikarar, og Eddie Ebbesvik frå Knarvikmila fortalde om visjonane bak den store mosjonsmønstringa.

#### **GIR GATEBARN NYTT LIV**

– Det har alltid vore tanken at Knarvikmila skal vera ein arena for sosial samling. Ei av målsetjingane har også vore å fremja folkehelsa. Arrangementet skal vera eit tilbod til alle uansett alder og fysisk form, sa Ebbesvik i sitt innlegg under solidaritetsgudstenesta i fjor.

Knarvikmila har også investert i Brekkeløypa som eit viktig folkehelseprosjekt – fordi Knarvikmila skulle vera eit solidarisk samfunnsfunns-prosjekt. Knarvikmila har i ti år – i samarbeid med Knarvik ungdomsskule, vore med i eit humanitært prosjekt som gjev utdanning til foreldreause barn i Etiopia. No har dei inngått eit nytt samarbeid med Kolibri-stiftinga i Brasil, som er hjelp til gatebarn som lever under elendige forhold.

#### **FULLE HUS I KYRKJA**

Knarvikmila brenn også for å skapa gode møteplassar for sosialisering og auka trivsel i nærområdet. Knarvik kyrkje har vore arena og samla fullt hus for både milkonsert og pensjonistseminar.

– Knarvik kyrkje viste seg snart å vere eit aktuelt og tenleg lokale for konsertar og kulturarrangement. Når Musikkens venner legg den årlege konserten til kyrkja i samband med Knarvikmila, stadfester det samvirket mellom kyrkja og Knarvikmila, seier sokneprest Geir Øy. Milkonserten med Ytre Suløens Jass-ensemble og solist Tricia Boutté i fjor vart ei flott oppleving for ei fullsett kyrkje.

#### **CECILIE LEGANGER KJEM**

Geir Øy seier at det blir lagt opp til at solidaritetsgudstenesta skal vera ei uformell og annleis gudsteneste enn vanleg, men med ein viktig budskap. Det eit ønske å ha med ein gjest og eit kulturelt innslag. I 2020 er tidlegare handballspelar og «verdas beste målvakt», Cecilie Leganger, gjest saman med musikar Johan Sebastian Blum, og Geir Øy vil samtala med dei om aktuelle spørsmål. Ho er sjølv lært pianist, og har funne eit godt samarbeid med Blom, som er klassisk skulert musikar.

#### **FLOTT MED SAMBRUK**

– Det er flott når me får eit godt sambruk i området rundt skulane, idrettsanlegget og kyrkja, seier Geir Øy.

Prestane har sjølv delteke i Knarvikmila, og i fjor stilte dei også med eige lag i YT-stafetten.

– Det viser at dei kyrkjetilsette vil visa igjen utanom kyrkjehuset, seier soknepresten.





Eit avskjedsbilete då Freya og Oda drog frå kolibrisenteret for siste gong. Desse ungdommane fekk dei god kontakt med i løpet av tida dei var i Sao Paulo i Brasil.

# Med Knarvikmila til Brasil

Tekst: Geir Øy  
Foto: Privat

Freya Grace Hagen og Oda Marie Bjørsvik Rath fekk ei oppleving for livet då dei i slutten av november besøkte prosjekta som stiftinga Children At Risk Foundation driv i Sao Paulo i Brasil. Dei to elevane på Knarvik ungdomsskule reiste saman med lærar Thomas Corneliussen.

Etter å ha støtta prosjekt i Etiopia i ei årrekke, skifta Knarvikmila i 2019 over til å støtte eit prosjekt i Brasil. Gregory Smith, kjend frå media her heime, flytta frå Bergen i 1992. Han har mellom anna bygd opp senter for gatebarn.

Oda og Freya fortel at dei besøkte eitt av tre aktivitetssenter som bidrog til å halde gatebarn borte frå gata.

– For å vere på senteret, var det ein føresetnad at ungane gjekk på skule. Når dei ikkje var på skulen kunne dei vere på senteret, som er ope frå kl 8 til 20. Der kunne dei lære seg dans, musikk og kunst, nokon fekk opplæring i journalistikk og andre hadde matlaging som tema, fortel Freya.

– Kva gjorde mest inntrykk på dykk i Brasil. Oda?

– Det gjorde størst inntrykk på besøke ein favela der barna budde. Favelaar er fattige område i og rundt dei store byane i Brasil. Der var det mafia som hadde makta, og det var ung-

dommar og unge menn som styrte, seier ho.

Freya samstemmer med at besøket i favelaen gjorde stort inntrykk. Positivt vil ho trekke fram noko ho la merke til med barna på aktivitetssenteret.

Ungane var så glade og positive, sjølv om dei hadde det veldig vanskeleg på mange måtar. Det var vanskeleg for oss å forstå at dei kunne vere så glade. Me har lett for å klage over småting, seier ho.

Dei to fekk også vere turistar i Brasil. Dei var ei helg i Rio de Janerio. Seinare besøkte dei ein landsby med indianarar og fekk oppleve tradisjonell dans og musikk.

– Der hadde det tydelegvis vore bergensarar før, for det hang 20 fotballskjorter frå Brann på ei klessnor, fortel Oda med eit smil.

Elevane på Knarvik ungdomsskule samlar inn til prosjektet i Brasil ein dag i året. Då gjer dei eit arbeid som bringer inn minimum 250 kroner. Oda vaska huset til mormora si den dagen. Freya hogde ned eit tre i hagen og gjorde ulike arbeidsoppgåver heime.





Skjermdump frå digital sending frå Meland kyrkjelyd.

# Den lokale kyrkja blei digital

Tekst: Geir Øy

Prost Helge Taranrød ser tilbake på den første tida i kyrkjene våre etter dei strenge restriksjonane på grunn av koronaviruset. Dei tilsette i kyrkjelydane begynte straks å nå ut via ulike skjermar, men søndag 15. mars var heilt spesiell.

– Dette var den stillaste søndagen vi har opplevd på lenge, og «alle» sat ved radioen og følgde gudstenesta som blei sendt frå Knarvik kyrkje på NRK radio. Vi var alle berørt av Thea som vart døypt denne søndagen. Etter gudstenesta fekk vi møte ho på skjermen då NRK TV intervjuar henne på nyhetene. «En radiosending fra Knarvik var et av ytterst få tilbud for kristenfolket søndag.», kunne vi lese på nrk.no denne ettermiddagen. Det trur eg ikkje er dekkande. Langt fleire enn dei som vil nemne seg som ein del av kristenfolket, fekk med seg denne gudstenesta, seier Taranrød.

Dei følgande vekene har dei tilsette i kyrkjene snudd seg rundt og nådd eit større publikum.

– Frå dag ein begynte også medarbeidarane i Meland kyrkjelyd å legge ut aktivitetar på Facebook og kyrkjelyden si heimeside. No fekk barna møte den kjente Løva i Meland kyrkje på nettet. Eg trur sjølv Meland vart overraska over kor mange som såg dette innslaget. Og på ei kort veke produserte medarbeidarane den første gudstenesta i Nordhordland på nett. Det same evangeliet om Jesus Kristus, men formidla på ein ny måte, seier han.

Også medarbeidarane i Osterfjorden snudde seg raskt og la ut fleire andaktar, vakker musikk, barnesamlingar og gudstenester. Trusoplærar Bjørn D. Nygård har filma og redigert, og kantor Boris Kuprianov har hatt ansvar for lydopp-



Prost Helge Taranrød

tak. Dette er gode døme på medarbeidarar som tar i bruk kunnskapen sin på nye område.

– Dette visste vi ikkje at vi kunne. Eg er veldig imponert over engasjementet og motet medarbeidarar i heile Nordhordland prosti har vist til å arbeide på ein heilt ny måte. Erfaringane vil vi få god bruk for også i tida som kjem, seier prost Helge Taranrød.

– No opnar kyrkjene gradvis. Brurepar og dåpsforeldre står nærast i kø for å endeleg å kunne gifte seg og feire dåp. Og vi alle kan igjen kome til kyrkje og delta i nattverd fellesskapet. Dette ser eg fram til, avsluttar Taranrød.

# KRYSSORD

Laga av Arvid Sakseide

				Nr.2 i år 2020	må- nad	gute- namn	farts- gren- se	bil- byg- ingar		smal land- stripe	sikrar		Matt.- pasi- komp.	kreps- dyr
				→					→			→		
									fire grup- pe			utrop		
												krom fost- ring		
	↓	mynt	bror- mor- daren		←					←				↙
knol- len					minke	jente- namn				spør			pote	
øy- bu- ane							Wi- ener- mus.		tygg ----- ølfat			nab. Brita Lund		rosa
veike pinse- gåva		smalt sund			-----	fugl null- stille				vok- alen		sv. gute- namn		
								h.retn.				-----	1000 ----- prep.	
			so.mano			skøyt			serie- figur vok,'ane					
													Vy før	
islam- boka		insekt- middel ved				pålen renn	listig			fisk				↓
ein Dyre				prei- kene				nab.		gresk bok- stav		mynt		
heil														↙

Send heile kryssordet (evt.foto/scan) innan 25. august til post.meland@kyrkja.no eller i post til Meland kyrkjelyd, Postboks 117, 5906 Frekhaug. Premie: Gåvekort kr. 250, Knarvik Senter. Vinnar kryssord nr.1-2020: Svanhild Johanne Furuskjæg.



## Vatne

### Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrette-  
legging ved begravelser og bisettelser.

**Døgnvakt 56 35 09 10**  
www.vatne-byra.no  
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø



## Nordhordland

VIRKE  
GRAVFERD

## Begravelsesbyrå AS

Ring oss på tlf. 56 37 14 10  
eller sjå www.nordh-bb.no

*Stort utvalg  
i blomster og  
gravminne!*

**KYRKJEVEGEN 1**      **FREKHAUG:**      **AVD. VAKSDAL:**  
5911 Alversund      Havnevegen 31,      Tlf. 56 99 25 70  
5918 Frekhaug

*Me går saman med deg heile vegen*

# Kultur- kalender

Restriksjonar knytta til smittevern på grunn av koronaviruset gjer at mange kulturarrangement har blitt avlyst. Oppdatert informasjon er å finne på [kyrkja.no/knarvik](http://kyrkja.no/knarvik).

30. august – søndag

## SOLIDARITETSGUDSTENESTE

Knarvik kyrkje kl. 19.30

I samarbeid med Knarvikmila

26. september – laurdag

«FEST I SEPTEMBER» med Solveig Leithaug, Hanne Vatnøy, Linda Fosse og Seim Songkor  
Knarvik kyrkje

Dette vert ein konsert med visesong, moderne pop og ny klassisk musikk i samspel med den livnære og biletrike lyrikken til Aslaug Låstad Lygre.



## ANDAKT

Av Daniel Kydland

«Ver difor ikkje urolege for morgondagen; morgondagen skal uroa seg for sitt. Kvar dag har nok med si møde.» Dette seier Jesus i Matteusevangeliet kapittel 6. Dette er ord til trøyst og oppmuntring i ei tid som er prega av permitteringar, konkursar, inntektstap og andre ting som gjer livet

meir usikkert enn det er til vanleg. Samtidig kan dette høyrast ut som om at Jesus oppmodar til ein nesten ansvarslaus tillit. Skal ein verkeleg berre ta ein dag om gongen? Eg trur ikkje at Jesus med dette meiner at ein ikkje skal planleggje framtida, for planlegging er ikkje jamstilt med bekymring. Ein stad las eg at bekymring er: «...kjeder av negative tanker som ofte begynner med «hva hvis?» og «tenk om?»». Bekymring er altså ikkje det same som planlegging eller å ta ansvar.

Kva er det så Jesus vil fram til med dette?

## «Å spele på lag med det beste i idretten»

### SOLIDARITETSGUDSTENESTE

For andre gong samarbeider Knarvikmila og Knarvik kyrkje om ei solidaritetsgudsteneste. Søndag 30. august kl. 19.30 gjestar tidlegare handballspelar på toppnivå, Cecilie Leganger, Knarvik saman med cellist Johan Sebastian Blum. Cecilie Leganger er sjølv lærer på piano og ho og Blum har bokstavig talt funne tonen saman. Det blir eit møte med ein skulert og uskulert muskar, og dette gir eit spennande resultat. Sokneprest Geir Øy vil også ha ein samtale med Leganger om verdier i livet som toppidrettsutøver og etter at den karriera var over.

Leganger er engasjert i foretaket «Nye livskrefter» og arbeider mellom anna med unge menneske som treng ekstra støtte i arbeidslivet. Ho har også leiarkurs der arbeid med sjølv tillit er eit viktig element.

Vel møtt til ei utradisjonell kveldsgudsteneste!



Cecilie Leganger



I det kapitlet hos Matteus seier Jesus: «Søk først Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt det andre i tillegg.» Eg trur Jesus med dette meiner er at det er ikkje ansvarslaust å ta ein dag om gongen, for når me legg liva våre i Guds hender ved først å søkje hans rike, så har Gud òg gitt eit løfte om at me skal få alt det andre i tillegg. Dette er noko som gjev oss ein stor fridom. Ikkje ein fridom til ikkje å ta ansvar, men ein fridom til å ikkje bekymra oss, og ein fridom til stola på Gud og på at han heilt konkret vil forsørge oss. Det skjer som regel på heilt naturlege måtar, gjen-

nom at me tar ansvar, gjer eit arbeid og difor har ei inntekt som forsørgjer oss. Eller gjennom den situasjonen som mange no for tida er i, at ein får dagpenger eller andre formar for tilskot.

Difor er min bodskap til deg som er bekymra i desse tidene: Jesus sine ord gjev oss fridom til å ikkje bekymra oss og til å stola på Gud. Det er ikkje ansvarsløyse, men tillit til at ein gjennom først å søka Guds rike, vil få alt det andre i tillegg.



**Eirin og Idar  
Åserud-Løvlid bur  
i Pernillehuset i  
Bjørndal på Holsnøy.  
Dei likar å lage mat  
og er ekstra glad i  
Italia og mat derifrå.  
Her kjem to enkle  
rettar med smak av  
sommår og Italia.**

Foto: Tuva Åserud

## Insalata Caprese (TOMAT- OG MOZZARELLASALAT)

### 2 porsjonar

2 tomatar (gjerne plommetomat)  
1 mozzarellaost, fersk  
Litt god olivenolje  
Balsamicosirup  
Fersk basilikum  
Salt og nykverna pepar

Skjer tomatar og mozzarellaost i skiver og legg lagvis på fatet. Sprinkle litt olivenolje og balsamicosirup over og dryss så på strimla fersk basilikum.

Nykverna pepar og litt salt er godt oppå. Pynt gjerne med nokre ferske basilikumblad før servering.



## Isa's limepai

### Botn:

3 dl kveitemjøl  
¾ dl sukker  
1 ts vaniljesukker  
175 gram romtemperert smør

Elt saman ingrediensane og lat deigen kvile omlag 15 minutt i kjøleskap før du trykkjer den ut i ei paiform. Prikk deigen med gaffel.

### Fyll:

3 egg  
2,5 dl sukker  
2 ss raspa limeskal (berre det grønne)  
Omlag 1 dl limesaft  
5 ss kveitemjøl

Rør saman fyllet og hell det opp i forma.

Steik paien på nederste rille i ovnen. 200 grader i ca 15 minutt.

### Pynt:

Melisdryss  
Raspa limeskal



**KNARVIK 40 SENTER**

Møteplassen for handel og kultur

**Knarvik  
Blomstestove**



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø  
Tlf: 56 35 62 20 – [www.knarvikblomstestove.no](http://www.knarvikblomstestove.no)

# Annerledes-livet i koronatider

Tekst: Yvonne Cecilie Jordal

Vi spurte konfirmantene følgende spørsmål: «Hverdagen ble brått Korona-endret. Er det noe i dette annerledeslivet som har gjort deg glad? Noe i den nye hverdagen som du faktisk kan like?». Her er svarene deres. Les og nyt.

**Jeg er glad for å være med familien så mye som nå. Og at jeg kan gå i båten og være ute på tur.**

Lill-Kristin

**Jeg får spilt mer xbox**

Sebastian S.S.

**Ja! Eg har fått låne hunden til broren min så eg har noe å få tiden til å gå med heldigvis! Spillekveld med brettspill og familie er jo veldig gøy!**

Elise

**Eg synes det er fint med heimeskule fordi eg ikkje treng opp like tidlig som når eg skal ta bussen til skulen.**

Elias

**Eg synes det er greitt å ha mye tid heime med mamma, vi får god tid til ting vi sjelden rekker til vanlig. Mindre stress og god tid til lekser.**

Mira-Nathalie

**Meir fritid. Eg streamer og er ute å hopper på trampoline.**

Odd

**Jeg liker at jeg får være mer hjemme. Det som gjør meg glad er at det er fint vær og jeg kan sitte hvor jeg vil når jeg jobber med skolen.**

Celine

**Jeg synes det veldig fint å se hvordan hele verden takker helsearbeiderne og står saman om å beskytte de som er i risikogruppene.**

Freya

**Jeg liker at det ikke er lekser. At lekser og skulearbeid er det samme. Og det faktisk at vi gjør mye på pc nå.**

Casper

**Det er mye fred å få, og kriminaliteten har gått ned.**

Sivert

**Jeg har mer tid sammen med familien min, og har mulighet til å sove litt lengre. Jeg har blitt mer turglad og det er gøy å være ute i naturen.**

Sebastian S.

**Jeg får sove litt lenger på morgenen, og jeg får være mer med familien min enn det jeg vanligvis pleier.**

Julie

**Jeg kan bestemme dagen min selv og hvordan jeg vil utnytte den. Jeg snakker mye med spesielt én venninne denne tiden, fordi jeg har mer tid.**

Solveig B.Y.

**Jeg får øvekjørt mye.**

Filip

**Jeg trives med hjemmeskole, spesielt når søsteren min og jeg kan sitte sammen og gjøre lekser.**

Leander

**Jeg kan sove lenger.**

Johan

**Jeg har mer fritid til å gå på turer. Det er mye mindre stress i hverdagen.**

Vegard

**Jeg får mer tid med familien min. Og jeg kan spille mer xbox.**

Theodor

**Være med familien min gjør meg glad.**

Elin Helene

**Det er bra at folk tar pandemien seriøst.**

Andrea

**Folk viser at de bryr seg og tar vare på hverandre, og jeg tenker på de denne sykdommen kan være verre for.**



Isabelle

**Jeg liker at jeg får mer tid med familien min! Jeg spiller mye kort og er sosial så mye jeg kan!**

Nora

**Eg savner den gamle kvardagen, men fint å vere saman med familien**

Elias



**Eg kan sove mykje lenger og bestemme litt selv kor tid eg skal gjøre ting.**

Ida F.H.

**Litt meir fritid og at eg slepp å reise 3 timar med buss kvar dag.**

Jens

**At eg får vere saman med familien meir. At hele familien spiser middag ilag.**

Simon

**Eg kan disponere tida mi akkurat slik eg ynskjer. Ingenting eg må gjere til bestemt klokkeslett. Og ikkje minst at eg kan sove så lenge eg vil!**

Marthe

**Eg syns at det er deilig med mer fri.**

...

**Jeg syns det er fint å kunne styre hverdagene litt mer selv, at ikke det er skole fra 8:15 til 14:30. Det er også fint å ha mer tid til familie.**

Ida E.M.C.

**At vi får mer tid til små prosjekter og hobbyer**


Håkon

**Nå kan jeg stå opp halv 9, istedenfor halv 7, jeg kan ha pauser når jeg vil, og jeg trenger ikke å gjøre meg skikkelig klar for skolen.**

Solveig H.

**Mamma lager digg lunsj.**

Matias



**Jeg liker at vi får mye bedre tid sammen med familien.**

Silje

**Jeg synes det er bra og få kunne sove lenger. Sånn at jeg kan gjøre leksene når det passer meg**

Elise S.

**Jeg får mer tid med familien, og jeg får være hos hestene mer. Hverdagen er ikke like stressende og jeg får være mer aktiv å trene, noe som jeg liker godt!**

Thea

**Glad for det er mindre stress nå og mer tid til å slappe av. Ønsker egentlig at alt blir tilbake til det normale igjen.**

Niklas

**Kan sove lengre om morgonen.**

Mia

**Slipper å høre på lærerne hele tiden. Mer fritid**

Håvard

**Jeg har gått mye mer på tur med vennene mine nå som vi ikke kan være sammen som vanlig. Jeg kan faktisk like at jeg får sove 1 time lenger om morgonen.**

Aurora

**Jeg er så heldig og bor i Norge der vi har et så godt helsevesen, og får enda mer kvalitetstid sammen med familien. Glad for at jeg og familien min er frisk og raske.**

Linnea



## Digital innsamling til Kirkens Nødhjelp

Det har vore fast program for konfirmantar i mange år å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Då har ungdommane gått frå dør til dør med bøsse. I år måtte Kirkens Nødhjelp endre planane på kort varsel.

- Det blei sjølv sagt ikkje mogeleg å gå frå dør til dør med bøsse denne gongen. I staden for blei innsamlinga digital. Konfirmantar sende meldingar til slekt og vener og oppmoda om å gje via Vipps. Det var også innsamlingsaksjon lokalt via Facebook, fortel Kristine Rykkje Hopland, som leier konfirmantarbeidet i Knarvik sokn.

Sjølv om resultatet ikkje blei like godt som tidlegare år, var også dette eit godt resultat. I Knarvik, Alversund, Seim og Lygra kom det inn over kr 64 000. I heile landet kom det inn over 20 mill. kroner til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid.



# Slekters gang

## Knarvik

### Døpte

29.02.2020 Olai Kristian Lampe  
15.03.2020 Thea Skare  
19.04.2020 Lukas Moberg Tredal  
19.04.2020 Linnea Moberg Tredal

### Vigde

04.04.2020 Norunn Midlang og Ruben Furuskjæg

### Døde

26.02.2020 Henrik Emil Eide f. 1920  
24.03.2020 Bjarne Nyhammer f. 1922  
01.04.2020 Roald Korsøen f. 1943  
01.04.2020 Arne Johan Albrechtsen f. 1945

## Alversund

### Døpte

23.02.2020 Celine Bendiksen Heldal

### Døde

21.02.2020 Harald Haukeland f. 1926  
17.03.2020 Egil Ludvig Christianslund f. 1937  
26.03.2020 Magnus Erstad f. 1929  
31.03.2020 Solveig Fanebust f. 1920  
03.04.2020 Thor Kåre Litleskare f. 1945

## Seim

### Døpte

08.03.2020 Sivert Nesse  
05.04.2020 Ylva Sørheim Vetvik


### Vigde

05.04.2020 Margrethe Myksvoll og Helge Noralv Nesse

## Lygra

### Døde

06.03.2020 Marit Bergås f. 1942  
02.04.2020 Frode Haugvik f. 1969  
06.04.2020 Kirsten Langenes f. 1944



# GUDSTENESTE- KALENDER



## Knarvik

### 7. juni

1. s. i treeiningstida  
Kl. 11. v/ Torbjørn Sæle  
og Magne Bjørndal. Dåp.  
NRK-radio. Berre ope for  
aktørar.

### 14. juni

2. s. i treeiningstida  
Kl. 09.45. v/ Geir Øy.  
Nattverd.

Kl. 11.00. v/ Geir Øy.  
Nattverd.

Kl. 12.15. v/ Geir Øy.  
Nattverd.

### 21. juni

3. s. i treeiningstida  
Kl. 11. v/ Geir Øy. Friluftsgud-  
steneste i Bøkeskogen på  
Seim.

### 5. juli

5. s. i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Magne Bjørndal. Dåp/  
nattverd.

### 19. juli

7. s. i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Magne Bjørndal. Dåp/  
nattverd.

### 29. juli

Olsok  
Kl. 19 Olsokgudsteneste på  
Fjon Fjellkyrkje.

### 2. august

9. s. i treeiningstida  
Kl. 19.30 v/ Torbjørn Sæle.  
Nattverd.

### 16. august

11. s. i treeiningstida  
Kl. 11. v/Ole Marton Ølberg.  
Dåp/nattverd.

### 23. august

12. s. i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Torbjørn Sæle. Dåp.  
NRK-radio.

### 30. august

13. s. i treeiningstida  
Kl. 19.30 v/ Geir Øy. Solidari-  
tetsgudsteneste.

### 6. september

Vingardssøndag  
Kl. 12.30 v/ Geir Øy. Frilufts-  
gudsteneste på Gamleskulen  
i samband med Knarvikmila.

### 13. september

15. s. i treeiningstida  
Kl. 11. Dåp/Nattverd.

### 19. september

Laurdag  
v/ Geir Øy. Konfirmasjons-  
gudsteneste.

### 27. september

17. s. i treeiningstida  
v/ Torbjørn Sæle. Konfirma-  
sjongudsteneste.

Kl. 19.30 v/ Torbjørn Sæle.  
Nattverd.

Dersom gudstenestelista må endrast på grunn av situasjonen med koronaviruset, blir dette kunnngjort på kyrkja.no/knarvik og i lokalavisene. 15. juni aukar talet på frammøtte frå 50 til 200. Frammøtetalet blir likevel avgrensa av reglar for smittevern.

Det er mogeleg med dåp alle søndagar frametter, anten i gudstenesta eller på eiga dåpsgudsteneste.

Klokkeslett for konfirma-  
sjonggudstenester blir  
kunnngjort seinare. Det vil  
bli fleire gudstenester for å  
følge reglar for smittevern  
og tal på frammøtte.



## Alversund

### 21. juni

3. s. i treeiningstida  
Kl. 11. v/ Geir Øy. Friluftsgud-  
steneste i Bøkeskogen på  
Seim.

### 28. juni

4. s. i treeiningstida  
Kl. 11. v/ Geir Øy. Nattverd.

### 26. juli

8. s. i treeiningstida  
Kl. 11. v/ Torbjørn Sæle.

### 29. juli

Olsok  
Kl. 19. Olsokgudsteneste på  
Fjon Fjellkyrkje.

### 30. august

12. s. i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Torbjørn Sæle.

### 20. september

16. s. i treeiningstida  
v/ Torbjørn Sæle. Konfirma-  
sjonggudsteneste.

### 26. september

Laurdag  
v/ Geir Øy. Konfirmasjons-  
gudsteneste.

### 27. september

17. s. i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Geir Øy.

### 12. juli

Aposteldagen  
Kl. 11 v/ Geir Øy.

### 21. juni

3. s. i treeiningstida  
Kl. 11. v/ Geir Øy. Friluftsgud-  
steneste i Bøkeskogen på  
Seim.

### 9. august

10. s. i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Torbjørn Sæle. Dåp.

### 13. september

15. s. i treeiningstida  
v/ Torbjørn Sæle. Konfirma-  
sjonggudsteneste.



## Lygra

### 21. juni

3. s. i treeiningstida  
Kl. 11. v/ Geir Øy. Friluftsgud-  
steneste i Bøkeskogen på  
Seim.

### 29. juli

Olsok  
Kl. 19 Olsokgudsteneste på  
Fjon Fjellkyrkje.

### 13. september

15. s. i treeiningstida  
v/ Torbjørn Sæle. Konfirma-  
sjonggudsteneste.